



FJELL KOMMUNE

Kultursjefen

Hordaland fylkeskommune
Kultur- og idrettsavdelinga
Postboks 7900
5020 BERGEN

Hordaland Fylkeskommune
17 MAR 2014

Dykkar ref.

Vår ref.

2014/664 - 5589/2014

Saksh. – tlf.

Berit Vik - 55097055

Dato

13.03.2014

Søknad om investeringstilskot til Sartor skytehall

Med dette vert det søkt om investeringstilskot til Sartor sportsskytterlag sitt anlegg; Sartor skytehall (anleggsnr. 1246000201). I 2012 vart det også søkt om investeringstilskot til hallen, men søknaden vart avslått fordi det ikkje låg føre ein godkjent spelemiddelsøknad. Dette grunna manglende finansiering. For 2014 har Sartor sportsskytterlag fått godkjent sin spelemiddelsøknad, som gjeld innkjøp og montering av elektroniske skiver i Sartor skytehall. Tiltaket har førsteprioritet frå Fjell kommune si side, og i fleire år har tiltaket vore forankra i vår kommunedelplan for idrett- og fysisk aktivitet.

Sartor skytehall er den einaste innandørs skytehallen på Vestlandet, og det einaste anlegget i Norge med ein slik kombinasjon av moglehete innanfor skyting. Hallen har tidlegare husa eit NM, uttak til VM i skyting, 2 nordiske meisterskap for veteranar og kretsmeisterskap m.m. Vedlagt søknaden er uttale frå Norges skytterforbund, der det blir presisert at hallen har nødvendig kapasitet og tilfredsstiller krava til å kunne arrangere NM i fleire av forbundet sine greinøvingar. I brev av 5. november i fjor stadfestar Hordaland fylkeskommune at Sartor skytehall er eit anlegg med regional verdi.

Sartor sportsskytterlag har i lang tid forsøkt å få fullfinansiert boring av energibrønnar og montering av varmepumpeanlegg/varmegjenvinning, med eit prisestimat på 1.150.144 kroner. Tilhøva vinterstid er krevjande for skyttarane, og i periodar har temperaturen i hallen vore nede i null grader. Sartor sportsskytterlag har straumutgifter på kr 60.000 til 90.000 i året. Utrekningar tilseier at straumbudsjettet måtte ha vore auka med omkring 80.000 i året, dersom ein skulle oppnådd ein ideell innetemperatur på 15 til 16 grader om vinteren. Varmepumpeanlegget er gunstig å få på plass både i eit økonomisk og miljømessig perspektiv. Ei realisering av desse planene vil heve standarden på skytehallen, og legge tilhøva betre til rette når det gjeld rekruttering av skyttar.

Vedlagt er relevante dokument frå Sartor sportsskytterlag, som søker om eit investeringstilskot på kroner 700.000.

Med helsing

Berit Vik

Kulturkonsulent

Postadresse:
Postboks 184
5342 STRAUME

Telefon: 55 09 60 00
Telefaks: 55 09 60 01
www.fjell.kommune.no

Bankkonto:
Bankkonto for skatt:
Organisasjonsnr.:

8580 14 08600
6345 06 12466
951 996 777